

Marin biopark på Skaganeset

Etableringa av ein marin biopark på Skaganeset er i ferd med å bli realisert. Planen for korleis det skal skje vert lagt fram for aktuelle aktørar i april, og vil vere eit viktig grunnlag når aktørane skal stake ut vegen vidare.

Sotra Marine Industrinettverk (SMI) ønskjer å utvikle ei sterk marin klynge. SMI vart etablert på tampen av 2009 og har i dag 20 medlemmer som driv verksemd frå fiskeri og oppdrett til restaurant og kafédrift.

Gode Sirkklar har vore ein pådrivar for å få etablert og utvikla nettverket, og er no sterkt involvert i arbeidet med å etablere ein marin biopark på Skaganeset.

- Vi jobbar no med eit forprosjekt. Planen for gjennomføring av hovudprosjektet skal vere klar til ei samling av aktuelle deltakarar i april, seier prosjektleiar Ove Rustung Hjelmervik i Gode Sirkklar.

Rekrutteringsmøte

Aktuelle verksemdar og andre aktørar vil bli invitert til eit rekrutteringsmøte i løpet av mars, der planen vil bli presentert. Ein ser føre seg at bioparken skal drivast av eitt selskap, medan eit anna tek hand om eigeidomen.

- Fôrutvikling og råvareprosessering vil vere fokusområder i etableringa av klynge, seier Rustung Hjelmervik.



Gode Sirkklar jobbar for å få etablert ein marin biopark på Skaganeset. Foto: Biomega.

Samstundes med at Biomega utvidar med eit nytt fabrikkbygg, vert det jobba med å etablere eit bioteknisk forskingssenter på Skaganeset. Her ser ein mellom anna føre seg eit oppskalering-laboratorium - pilottestanlegg, der nye produkt kan prøvast ut og nyttast til næringsutvikling. Eit slikt senter vil vere eit viktig bidrag til den marine klynge, og ikkje minst skape ein rekrutteringsarena for den marine næringa.

Inspirasjon til å velje fisk

- Vi ønskjer å viser studentar at fisk er meir enn berre slakt. Inspirasjon er eit viktig element i denne satsinga, seier Rustung Hjelmervik.

Det er eit leiande miljø innan forskning-, næring- og bioteknologi i Bergensregionen, og tilhøva på Skaganeset er gode for eit slikt senter. Her ligg frå før verksemdar som følgjer fisken frå sjøen til matfatet.

Kompetanseforum Vest på egne bein



E.v: Kjell Tornøe (Aker Solutions MMO), Ronny Haufe (CCB), Frank Karlsen (Karlsen & Sønn).



Industrikafe på Public Cafe og Bar 23. februar. Begge foto: Inger Elise J. Økland.

Kompetanseforum Vest er eit ektefødd barn av Gode Sirkklar. No har barnet lært seg å gå på eige hand, og har fått namnet Verkstedsgruppen VNR.

Denne veka vart det arrangert Industrikafe for bedriftene som er knytt til Verkstedsgruppen VNR. Det som vart etablert som eit interesseforum for verksemdar knytt til teknisk og mekanisk industri, er no ei velfungerande bransjegruppe under Vest Næringsråd.

Prosjektet vart etablert som eit samarbeid mellom Gode Sirkklar, industriverksemdene og Høgskolen i Bergen, med Ivan Ole Moldskred i Gode Sirkklar som prosjektleiar. Målet er å auke konkurransevna til verksemdene gjennom samhandling.

- Gode Sirkklar har vore ein nøytral, objektiv part. Det er ikkje mange andre som kunne gjort jobben med å etablere dette på same måte som Gode Sirkklar. Resultatet er eit unikt samarbeid, meiner Trond Wisnes Nilsen i Sotra Contracting. Han er leiar for Verkstedsgruppen VNR.

Sotra Marine Industrinettverk (SMI) er og i dialog om overføring til Vest Næringsråd, og vil bli drive vidare som ei bransjegruppe med namnet Sjømatgruppen VNR.

Stakar ut kursen for Kysteventyret

Korleis skal reiselivsatsinga i Fjell, Sund og Øygarden drivast vidare? Styret i Gode Sirkklar har vedteke at det skal lagast ein plan for organisering av eit selskap som skal driva vidare Kysteventyret. Planen skal leggast fram for styret i mai, og vil mellom anna gje svar på kva for økonomisk grunnlag som finst for vidare drift. Styret ønskjer at ein knyttar til seg tyngre aktørar som vil vere med på eigarsida i eit destinasjonsselskap.

Frå Tjeldstø til Oslo for å lære

I januar vart det gjennomført ein studietur for byggentreprenørar, der mellom andre Vestkyst Bygg på Tjeldstø deltok. Tema for turen var elementproduksjon og automatisert produksjon av bygg. Delegasjonen vitja fleire verksemdar. Hjø SINTEF Byggforsk fekk dei sjå store, velutstyrte laboratorier for dei fleste sentrale områder innafor bygge-, anleggs- og eigeidomsnæringa. – Det var svært nyttig å sjå korleis andre gjer det, ikkje minst i høve til effektivisering, seier fagleg leiar Frode Pedersen i Vestkyst Bygg.

Fisk på fleire timeplanar

Møte mellom utdanning, næring og forskning kan og vere eit møte med ein halv million lakseyngel. I samarbeid med Gode Sirkklar og opplæringskontoret i Austevoll, arrangerte Universitetet i Bergen eit seminar i Bekkjarvik i januar. Auka kunnskap, samhandling og rekruttering var føremålet med seminaret. Rektorar, lærarar og andre deltakarar var ute og møtte hovudpersonen sjølv – matfisken verda skal leve av framover. Forskar Monica Sanden frå Nifes var foredrags-haldar. Seminaret går inn i programmet Hordaland fylkeskommune driv for å auke rekrutteringa til marine næringar. Gode Sirkklar er partner i dette programmet. Sund ungdomsskule har peika seg ut som ein ressurs i arbeidet for auka samhandling, og bidrog sterkt til det faglege innhaldet.